

Geodatasamarbeidet i Midt-Gudbrandsdal

Sak nr. 1/17 – Rekneskap og årsrapport for 2016

Trykte vedlegg:

1. Revisjonsberetning for Nord-Fron kommune
2. Årsrapport for Geodatasamarbeidet i Midt-Gudbrandsdal

Bakgrunn for saka:

Geodatasamarbeidet i Midt-Gudbrandsdal er ei interkommunal ordning som har eksistert sidan 2005. Nord-Fron er vertskommune og administrasjonssjefen er administrativ leiar for ordninga. Samarbeidskommunane er ansvarlege for økonomisk tilskot til ordninga. Kostnadsfordelinga som har vore brukt sidan starten på samarbeidet i 2005 baserer seg på at halvparten blir fordelt likt, medan andre halvparten blir fordelt etter folketal (justert pr. 01.01.2009). Ein har da ei slik fordeling av kostnadane:

Nord-Fron	38.1%
Sør-Fron	28.4%
Ringebu	33.5%

Geodatasamarbeidet 2016 – nettokostnader pr kommune:

	SUM	Ringebu	Sør-Fron	Nord-Fron
Lønnskostnader	645 762			
Mat og servering	1 134			
Telefon	1229			
Kursutgifter	30 028			
Skyss og kostutgifter	16 468			
Husleige og adm Nord-Fron kommune	37 000			
IKT-utstyr	8 163			
Vedlikehald	1 083 270			
UMS-varsling Ringebu	34 348			
Konsulenttenester	40 000			
Investeringar	387 500			

Refundert frå MGR og MGB	55245			
Sum	2 229 657	769.777	623.468	836.413
Tilsvarande kostnader 2015	1 854 117	621 129	526 569	706 419
Tilsvarande kostnader 2014	1 210 698	427 223	334 597	448 878

Kommentarar til utgifter for 2016:

Utgiftene er totalt ein del høgare enn i 2015. I all hovudsak skuldast dette auka vedlikehaldskostnader på Komtek jf omtale i budsjettet for og auka investeringar med påfølgjande auka vedlikehaldskostnader.

Rådmannsleiinga si vurdering:

Geodatasamarbeidet sin rekneskap integrert i Nord-Fron kommune sin rekneskap. Nord-Fron kommune sin rekneskap vart godkjent av kommunestyret i Nord-Fron kommune i møte 09.05.2016.

Administrasjonssjefen legg saka fram for representantskapet for Geodatasamarbeidet i Midt-Gudbrandsdal med slik

INNSTILLING:

1. Representantskapet for Geodatasamarbeidet i Midt-Gudbrandsdal viser til at rekneskap for samarbeidet er godkjend av kommunestyret i Nord-Fron kommune i møte 09.05.2017 med slik fordeling av kostnadane: Ringebu kommune kr. 769.777, Sør-Fron kommune kr. 623.468 og Nord-Fron kommune kr. 836.413. Representantskapet godkjenner rekneskapet.
2. Representantskapet tar årsrapporten for Geodatasamarbeidet i Midt-Gudbrandsdalen til orientering.

Vinstra, 15. mai 2017

Arne Sandbu
administrasjonssjef



Innlandet Revisjon IKS

Til kommunestyret i Nord-Fron kommune

Kopi:
Kontrollutvalget
Formannskapet
Administrasjonssjefen
Kommunalsjef Tom Nøvik
Avd. leder pers./øk. Torild S. Weikle

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert Nord-Fron kommunes årsregnskap som viser kr 346.374.981,- til fordeling drift og et regnskapsmessig mindreforbruk på kr 13.690.301,-. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2016, driftsregnskap, investeringsregnskap og økonomiske oversikter for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til Nord-Fron kommune per 31. desember 2016, og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i *Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av kommunen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Administrasjonssjefen er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av informasjon i kommunens årsrapport, men inkluderer ikke årsregnskapet og revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

Hovedkontor:
Postadr.: Postboks 988
2626 Lillehammer
Tlf 61289080
E-post: postmottak@irev.no

Avdeling Gjøvik:
Studievegen 7
2815 Gjøvik
Tlf. 61130350

Firma:
www.irev.no
Besøksadresse: Kirkeg. 76
2609 Lillehammer
Org. nr. 987769386MVA
Bank 16041146927

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Administrasjonssjefens ansvar for årsregnskapet

Administrasjonssjefen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir en dekkende fremstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal regnskapsskikk i Norge. Administrasjonssjefen er også ansvarlig for slik intern kontroll han finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver vises det til: www.nkrf.no/revisjonsberetninger

Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at de disposisjoner som ligger til grunn for årsregnskapet i det alt vesentlige er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpene i årsregnskapet stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av kommunens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Lillehammer, 06.04.17





Heidi Floor Julusmoen

Heidi Floor Julusmoen
Oppdragsansvarlig revisor

ÅRSMELDING

GEODATASAMARBEIDET I

MIDT- GUDBRANDSDAL 2016



1 Innhold

1.1	Organisering	3
1.1.1	Fagråd og koordineringsgruppe	3
1.1.2	Fordeling økonomi.....	3
1.1.3	Personell.....	3
1.2	Arbeid i 2014	3
1.2.1	Adresseringsarbeidet..... Feil! Bokmerke er ikke definert.	
1.2.2	Plansatsingsprosjektet i Oppland og Hedmark. PlanInnsyn med plandialog	3
1.2.3	Web3, kommunekart på Internett	4
1.2.4	FME og QGIS.....	4
1.2.5	Øvrig drift	4
1.3	Vedlikeholdskostnader	5
1.4	Samarbeid med andre interkommunale ordningar.	5
1.5	Brukarar	6
1.6	Faggrupper	6
1.7	Kurs.....	7

1.1 Organisering

Geodatasamarbeidet sitt høgaste organ er representantskapet for kommunane Ringeby, Sør- og Nord-Fron.

1.1.1 Fagråd og koordineringsgruppe

Fagråd:

Jon Helge Silli og Fridtjov Valde Janson, Ringeby kommune

Konrad Trettengen, Sør-Fron kommune

Svein Jetlund, Nord-Fron kommune

Avklaringar i hovudsak pr e-post og telefon.

Koordineringsgruppe:

Ringeby kommune: Jostein Gårderløkken, Jon Helge Silli og Fridtjov Valde Jansson

Sør-Fron kommune: Konrad Trettengen og Klara Elise Holen Stensli

Nord-Fron kommune: Egil Tofte, Gøran Randstad og Svein Jetlund

Koordineringsgruppa har hatt to møte i 2016.

1.1.2 Personell

Svein Jetlund er GIS-koordinator for samarbeidet. Nord-Fron er arbeidsgivar i samarbeidet. Stillinga skal gjennom samarbeidet dekke oppgåver for alle tre kommunar og ha kontorplassering etter behov. Stillingsressurs for samarbeidet for 2016 har vore 80 %, men med 100 % stillingsheimel.

1.1.3 Fordeling økonomi

Sidan starten på samarbeidet i 2004/2005 har det vore arbeidd etter ei fordeling av kostnader som er basert på at halvparten av dei samla kostnadane er fordelt likt, medan den andre halvparten er fordelt etter folketal (sist justert pr. 01.01.2009). Ein har ei slik fordeling:

Ringeby	33.5%
Sør-Fron	28.4%
Nord-Fron	38.1%

1.2 Arbeid i 2016

1.2.1 Generelt

Det er stort etterslep på oppgåver som må løysast. Dette gjeld m.a. Plandialog (innbyggardialog for arealplanar), kompetanseheving, strukturering og rydding på filserver og diverse tilrettelegging av data. Det er også ønskjeleg å få gjennomført ei politikaropplæring (kommunestyre/planutval) i tema kommunale kartdata og kart på Internett.

Det er ønskjeleg at det blir utarbeidd handlingsplan og styringsdokument med konkrete mål for arbeidet framover. Tilsvarende andre samarbeid har gode erfaringar med dette.

1.2.2 Plansatsingsprosjektet i Oppland og Hedmark. PlanInnsyn med plandialog

Alle tre kommunane har så godt som alle reguleringsplanane i digital form og tilgjengelege for publikum på Internett. Det er relativt ressurskrevjande å halde planbasene oppdatert. GIS-koordinatoren har stått for ajourhald av planbasene til Ringebu og Nord-Fron. Sør-Fron har kompetanse i eigen organisasjon og Ringebu har tatt over sitt ajourhald frå og med 2017. Dette er ei prioritert arbeidsoppgåve i samarbeidet.

Planinnsyn er ein webportal der saksbehandlarar og publikum kan hente informasjon om planane ved at ein får innsyn i plankartet og planregisteret. Løysinga kan integrerast med kommunane sitt sak-/arkivsystem gjennom Plandialog. Plandialog er foreløpig ikkje på plass i kommunane da integrasjonen med sakssystema ikkje er heilt ferdigutvikla frå leverandøren.

1.2.3 Kommunale kart på Internett

Samarbeidet nyttar GISLINE-Web3 og Kommunekart.com for publisering av kommunale kartdata. Dette er Norkart sine løysningar for kommunale kart på Internett. Kommunane kan her presentere kommunale data, arealplaner og eigne temadata, som t.d. plandata og friluftslivsruter. Samarbeidet prioriterer å ha oppdaterte kart på Internett. Karta er også tilgjengelege på appen Kommunekart. I 2016 blei det investert i Kommunekart proff som gir sakshandsamar tilgang til heimelshavarinformasjon via Kommunekart (web eller app).

1.2.4 KOMTEK Besiktiger

I 2016 kjøpte samarbeidet komtekmodulen Besiktiger. Denne er tilpassa bruk av lese Brett og vil bli nytta i samband med eigedomstaksering. Modulen forenkler feltarbeidet ved taksering og retaksering av eigedomar.

1.2.5 FME og QGIS

FME er ei programvare spesiallaga for geografiske analyser. Systemet les så godt som alle dataformat. Dette gjer det enkelt å konvertere data frå eit format til eit anna for bruk i ulike verkty. Med FME kan data frå ulike datakjelder koplatt og analyserast. Det ligg særleg mykje informasjon i datasetta FKB-data (kartdata som bygningar, vegar, adresser o.l.), Matrikkelen (eigarinformasjon), KOMTEK (kommunalteknikk og gebyr), folkeregisterdata og nasjonale temadata (t.d. flaum- og skredsoner, miljøverdier og kulturminner). Ved å kople desse kan ein hente ut mykje kunnskap som kommunane har nytte av. Døme på enkle analyser kan vere; kvar bur skuleungane, kven er hytteeigarane (alder, bustad mm), kor mange bur i aktsemdomsråde for skred eller kor mange bolighus står tomt utan fast busetnad.

QGIS er det mest nytta open source GIS-programvara i verda. Programvara er særleg brukarvenleg og er eit godt alternativ til GISLINE i ein del samanhengar. Særleg er den godt egna til produksjon av temakart, der GISLINE sine teikneregler ofte er for rigide. Samarbeidet har delvis tatt i bruk QGIS, m.a. til temakart til kommuneplanens arealdel.

1.2.6 Fulcrum

Fronskommunane og Gausdal samarbeider om kulturminneplan for det felles fjellområde mellom Espedalen/Vestre Gausdal, Vinstradalen og Gudbrandsdalen. I samband med dette har samarbeidet abonert på appen Fulcrum. Denne blir nytta til feltregistrering av kulturminne vha smarttelefon/nettbrett. Ringebu skal i gang med kulturminneplan i 2017 og Fulcrum vil også bli nytta der.

GIS-koordinatoren har også delvis hjelpt Vågå og Skjåk med å ta i bruk same appen. Både Oppland fylkeskommune, Riksantikvaren og Kartverket har vist stor interesse for appen og GIS-koordinatoren har hatt foredrag om appen på fire ulike regionale møter/samlingar. Kulturminneregistrering i norske kommunar foregår i dag kun på papirskjema. Registrering via app er derfor noko nytt i denne samanhengen.

1.2.7 Gisline Analyse

På oppdrag frå Geodatasamarbeidet i Midt-Gudbrandsdal, GIS på Hedemarken (GIS-samarbeidet i Hamar, Løten, Stange og Ringsaker), NØGIS (GIS-samarbeidet i Nord-Østerdal) og Kartverket har Norkart utvikla ei analyseplattform for temadata. Dette er i første omgang tenkt brukt for kommunal sakshandsaming ved at t.d. byggesakshandsamarane på ein enkel måte kan få oversikt over temadata knytt til ein byggesak (miljøverdiar, kulturminne, flaum- og skredfare, støy mm). Systemet er foreløpig ikkje tatt i bruk i samarbeidet, men alt ligg til rette for at det vil bli tatt i bruk i løpet av 2017.

1.2.8 Samarbeid med andre interkommunale ordningar.

Midt-Gudbrandsdal brannvesen og Midt-Gudbrandsdal renovasjonsselskap er brukarar av løysningar som driftast av geodatasamarbeidet, spesielt KOMTEK. Begge IKSa har vorte meir profesjonelle i bruken av Komtek dei siste åra og nye modular forenkler drifta samtidig som tenestene blir meir i publikumsvenlege. Våren 2016 blei appen «Min renovasjon» tatt i bruk. SMS-varsling av feierbesøk ligg i løypa.

1.2.9 Øvrig drift

Serverparken til samarbeidet har vore utdatert i mange år og nye serverar har vorte installert både i 2015 og 2016. Systema er dermed både raskare og meir stabile enn nokon gong.

Det har så langt som råd vore gjennomført fortløpande oppgradering av GISLINE - og KOMTEK-programvaren.

Når det gjeld den daglege drifta av programsystema, serverar osv., har dette stort sett gått greitt i 2016. Serverane er plassert hos og drifta av IKT-avdelinga i Nord-Fron. Samarbeidet om dette fungerer godt. IKT-avdelinga i Nord-Fron kommune er både dyktige og servicevenlege.

1.3 Vedlikehaldskostnader

Grunnlaget for vedlikehaldskostnadane for programsystema samarbeidet nyttar blir justert årleg etter konsumprisindeksen. For samarbeid er det framleis ei rabattert ordning for vedlikehaldskostnadane. Ved kjøp av ein programlisens er denne til fri bruk i heile organisasjonen og ikkje pr. brukar slik ein hadde tidlegare. Evt. programkjøp i løpet av året vil også kunne påverke vedlikehaldskostnadane avhengig av kva tid på året innkjøpet er gjennomført.

Lisenskostnadane omfattar alle brukarar av systema, inkl. brukarar frå andre interkommunale ordningar som MGL, MGB og MGR. Jf representantskapsmøtet 28. okt. 2015 skal direktekostnader for MGR og MGB først på desse. Dette er innarbeida for 2016.

Utgiftene er lagt inn i rekneskapet, og Nord-Fron har fakturert Ringebu og Sør-Fron for sin del, sjå egen sak om rekneskap.

Vedlikehaldskostnadene til GISLINE og KOMTEK fordelar seg slik:

Vedlikehald GISLINE	Kr 642 921,-
Vedlikehald KOMTEK	Kr 321 349,-

1.3.1 Sentral FKB

Som det gjekk fram av saksdokumenta til budsjettet for 2017 så skal alle kommunane over på sentral drift av FKB i løpet av 2017. FKB er fellesnemninga på basis kartdata (veg, vatn, bygg, grenser osv). Kommunane ajourheld ein vesentleg del av desse datasetta. I dag blir datasetta (med unnatak av eigedoms-/matrikkeldata) overført til Kartverket to gonger i året. Dette medfører t.d. at det kan gå eit halvår frå ein veg er bygd til den er inne i offentlege kart. Med sentral FKB vil karta vere kontinuerleg oppdatert. Det vil si at kommunen fører endringane i ei database hos Kartverket i staden for lokalt hos kvar kommune. I tillegg til oppdaterte data vil dette også sikre ein høgare kvalitet på datasetta.

I budsjettet for 2017 var det budsjettert med kr 60.000,- til investeringar pluss konsulenttenester på om lag kr 25.000,-. I løpet av våren har det vist seg at kostnadane blir ein del høgare. Foreløpige tal visar ein kostnad på om lag kr 150.000,- Samarbeidet reknar med å løyse dette gjennom omdisponeringar innanfor budsjettet ved at investeringa i ArcGis blir flytta til 2018. Kartverket gir kvar kommune kr 15.000,- i støtte i tre år i samband med overgangen til sentral FKB. Dette var innarbeida i budsjettgrunnlaget for 2017.

1.4 Brukarar

Mange av innsynsbrukarane (dei som ikkje gjer endringar i kartdata) har gått over til å bruke web-klienten i staden for GISLINE.

Ein gjennomgang av brukarkontoane i 2016 viste at mange brukarar ikkje var aktive eller kunne nøye seg med kart på Internett. Dette har betydning for lisenskostnadane til Microsoft og Citrix og frigjer kapasitet på kartserverane til dei som har bruk for utvida funksjonalitet. Talet på brukarar er derfor redusert kraftig i 2016 frå 130 til om lag 50.

1.5 Faggrupper

Hausten 2012 vart det tatt initiativ for å starte opp att dei ulike faggruppene i samarbeidet. Ein snakkar da om grupper innafor landbruk, vatn- og avlaup, matrikkel, kommunale avgifter osv. Faggruppene er meint å vere ein treffstad for personar som i hovudsak har same arbeidsoppgåver i dei tre kommunane og er særleg nyttig med tanke på erfaringsutveksling både innan fag og i bruk av Gisline/Komtek.

Pr. i dag har plangruppa, matrikkelgruppa og KOMTEK-gruppa jamnlege møter. Landbruk blir starta opp i løpet av våren 2015, men har ikkje hatt fleir møter etter dette. Det er ønskeleg med ei gruppe innan fagområde VVA. I tillegg kan det vurderast ei gruppe innan beredskap. Det er svært viktig for utviklinga av samarbeidet at desse gruppene er i gang og kan kome med innspel for vidare arbeid

framover. Tett samarbeid innanfor fagområda mellom dei tre kommunane aukar kvaliteten på det som blir produsert og gir betre service til publikum.

1.6 Kurs

Våren 2016 blei det gjennomført kurs i Komtek Office . Det har også vore deltakarar på brukarmøte både for GISLINE - og KOMTEK-systema og på Geomatikkdagane.

Vinstra 7. mai 2017

*Svein Jetlund
Geodatasamarbeidet
i Midt-Gudbrandsdal*